

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 17.09.2012
Sakhandsamar: **Jan Erik Lorentzen m. fleire**
Saka gjeld: **Rapportering frå verksemda per august 2012**

Arkivsak

2011/11/

Styresak 100/12 B

Styremøte 03.10. 2012

Forslag til vedtak

Styret tek rapporteringa frå verksemda per 31. august 2012 til etterretning.

Oppsummering

Ventetidsutviklinga per august 2012 syner at dei gjennomsnittlege ventetidene for alle som starta behandling var 80 dagar, medan ventetida for dei som framleis venta ved utgongen av månaden var 95 dagar. Ventetida for ventande har som venta gått opp i løpet av sommaren.

Med unnatak av døgnbehandling innan psykisk helsevern for vaksne er aktivitetsnivået innan den somatiske sektoren, psykisk helsevern for barn og unge og psykisk helsevern for vaksne høgare enn til same tid i 2011.

Talet på fristbrot for behandla har gått opp den seinaste månaden. Det er framleis Helse Stavanger som har størst utfordringar knytt til korridorpasientar innan somatikken. Innan psykisk helsevern var det knapt registrerte korridorpasientar i august. Talet på langtidsventande har halde seg stabilt gjennom sommaren. Delen epikrisar sendt innan 7 dagar var 77 % både innan somatikken og psykisk helsevern.

Det økonomiske resultatet i august er kr 63,8 mill som er kr 47,3 mill betre enn budsjettet. Akkumulert resultat er kr 504,1 mill som er kr 129,8 mill betre enn budsjettet. Helse Stavanger og Helse Fonna har inntektsført hhv. kr 13,0 mill og kr 8,8 mill av støtte til dekning av utgifter knytta til Samhandlingsreforma pr. august, noko Helse Bergen og Helse Førde ikkje har gjort. For å få samanliknbare resultat er resultata til desse føretaka korrigert med hhv. kr 21,3 mill og kr 5,8 mill i august. Motsvarande korrekksjon er gjort i Helse Vest RHF. Føretaka har teke omsyn til denne kompensasjonen i sine prognosar.

Helse Stavanger har sett i verk tiltak som etter åtte månader har hatt ein effekt på kr 5,3 mill, som er om lag 63 % av planen. Helse Fonna har etablert tiltak på til saman kr 19,5 mill. Tiltaka har pr august berre hatt ein effekt på kr 0,9 mill, noko som er ei marginal endring frå førrer rapportering. Helse Førde har etablert ein tiltakspakke som har hatt ein effekt på kr 13 mill som er om lag 91 % av planlagd effekt etter åtte månader.

Samla investeringar per august er på kr 767,8 mill. Dette utgjer omlag 49 % av forventa investeringsnivå i 2012. Samla sett er likviditetssituasjonen med noverande driftskreditramme vurdert å vere tilfredsstillande.

Dette er ei markant nedgang i forhold til sjukefråværet i juli 2012. Det samla sjukefråværet og sjukemeldt fråvær i august 2012 er forbetra i forhold til tilsvarande tal i august 2011. 70,35 % av alle einingane har eit samla sjukefråvær på 5,5 % eller lågare per august 2012.

Det har vore ein auke med 259 netto månadsverk frå august til september 2012 og ein nedgang med 505 brutto månadsverk i same perioden.

Målkravet om ein korrigert gjennomsnittleg stillingsprosent på 87,7 % blei nådd hausten 2011. Den korrigerte gjennomsnittlege stillingsprosenten for august 2012 er på 88,29 %.


Fakta

Denne rapporten er utarbeidd med basis i informasjon per 31. august 2012.

Kommentarar

1. Aktivitetsutvikling

Dei data som blir nytta til å syne aktivitetsutviklinga er tal helseføretaka sjølv har rapportert inn. Biletet under syner endring i aktivitetensnivået per august 2012, samanlikna med tal per august 2011.



Somatikk

Dei absolutte tala syner at det totalt blei generert nær 167 000 DRG-poeng ved helseføretaka dei åtte første månadene av 2012. Alle dei fire helseføretaka har hatt ein høgare DRG-produksjon enn til same tid 2011. Det samla talet sjukehusopphald var nær 164 000. Det samla talet polikliniske konsultasjonar var tilnærma 576 000. Alle dei fire helseføretaka har eit høgare poliklinisk aktivitetsnivå så langt i 2012, enn til same tid i 2011.

Psykisk helsevern


Per august 2012 var aktivitetsnivået innan barne og ungdomspsykiatrien målt i liggedøgn, målt i dagopphald og polikliniske konsultasjonar litt høgare enn i 2011. Talet liggedøgn per august var om lag 9 400, og skilnaden til 2011 er på om lag 100 fleire liggedøgn. Talet på dagopphald og polikliniske konsultasjonar var nær 74 000. Helse Stavanger HF har hatt lågare døgnaktivitet enn i 2011, medan dei tre andre helseføretaka hadde ein høgare aktivitet. Helse Bergen HF og Helse Førde HF har til no hatt færre dagopphald og polikliniske konsultasjonar enn førre år.

Aktivitetsnivået innan psykisk helsevern for voksne ligg under nivået per august 2011 målt i talet på liggedøgn, medan talet på dagopphald og polikliniske konsultasjonar ligg ein god del høgare enn i 2011. I absolute tal har det blitt generert om lag 145 000 liggedøgn og gjennomført 137 000 polikliniske konsultasjonar og dagopphald. Særleg Helse Stavanger HF har generert fleire liggedøgn enn i 2011, medan det berre er Helse Førde HF som har ein lågare dagbehandlingsaktivitet enn per august 2011.

2. Ventetidsutvikling


Den samla gjennomsnittlege ventetida for alle som starta behandling i august 2012 var på 80 dagar (68 dagar for prioriterte og 103 dagar for dei utan prioritet). Figuren nedanfor viser ventetidsutviklinga per helseføretak for alle pasientar som har starta behandling.

Samla ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – alle fagområde



Den samla gjennomsnittlege ventetida for alle pasientar som framleis venta på behandling i Helse Vest ved utgangen av august 2012 var 95 dagar, fordelt på 67 dagar for prioriterte og 124 dagar for ventande utan prioritet. Figuren under viser samla ventetid for alle ventande fordelt per helseføretak.


Samla ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – alle fagområde



Somatikk


Den samla gjennomsnittlege ventetida for ventande innan somatikken var 95 dagar ved utgongen av august. For pasientar med prioritet var ventetida 67 dagar, og for pasientar utan prioritet 123 dagar. I figuren nedanfor er samla gjennomsnittleg ventetida for ventande vist per føretak.

Samla gjennomsnittleg ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – somatikk



Ser ein på ventetidene for pasientane som starta somatisk behandling i august 2012, så var dei 69 dagar for prioriterte og 102 dagar for ventande utan prioritet, noko som gir 80 dagar i gjennomsnitt for alle som starta behandling. Samla ventetid for behandla fordelt per helseføretak er vist i figuren under.


Samla gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – somatikk



Psykisk helsevern for barn og unge


Den gjennomsnittlege ventetida for ventande med prioritet innan BUP var 57 dagar, og for ventande utan prioritet var ventetida 125 dagar ved utgongen av august 2012. Samla ventetid for alle som venta på behandling var 70 dagar.

Samla gjennomsnittleg ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – BUP



Samla ventetid for pasientar som starta behandling i august 2012 var 84 dagar i gjennomsnitt. Ventetida for prioriterte pasientar var 77 dagar, medan ventetida for dei utan prioritet var 143 dagar.


Samla gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – BUP



Psykisk helsevern for voksne


Den samla gjennomsnittlege ventetida for alle ventande innan psykisk helsevern for voksne var 83 dagar ved utgongen av august 2012. Ventetida for ventande med prioritet var 52 dagar og 141 dagar for dei utan prioritet.

Samla gjennomsnittleg ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – PH voksne



For pasientar som starta behandlinga i august 2012 var den samla gjennomsnittleg ventetida 66 dagar. Prioriterte pasientar hadde ei gjennomsnittleg ventetid på 57 dagar, medan ventetida for pasientar utan prioritet var 102 dagar.

Samla gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – PH vaksne



3. Fristbrot og langtidsventande


Helseføretaka har arbeidd med å få ned talet på fristbrot sidan sommaren 2010, med målsetting om at fristbrot ikkje skal førekome. I tabellen nedanfor finn ein fire ulike mål på fristbrot.

Samla utvikling i tal og prosentdel fristbrot for Helse Vest

| Tid | Fristbrot | | | | | | | |
|----------|-------------------------------|-----|---------------------------------------|------|------------------------|-----|----------------------------------|------|
| | For ventande ved periodeslutt | | Der helsehjelpa har starta i perioden | | Totalt (NPR-utrekning) | | Nye fristbrot (Med frist i per.) | |
| | Pasientar | Pst | Pasientar | Pst | Pasientar | Pst | Pasientar | Pst |
| 2011-aug | 1577 | 6 % | 1249 | 14 % | 2826 | 8 % | 1623 | 16 % |
| 2011-sep | 1193 | 5 % | 1376 | 13 % | 2569 | 7 % | 1428 | 13 % |
| 2011-okt | 1085 | 4 % | 998 | 10 % | 2083 | 6 % | 1209 | 12 % |
| 2011-nov | 878 | 3 % | 916 | 8 % | 1794 | 5 % | 972 | 10 % |
| 2011-des | 915 | 4 % | 657 | 7 % | 1572 | 5 % | 914 | 8 % |
| 2012-jan | 771 | 3 % | 908 | 8 % | 1679 | 4 % | 1009 | 10 % |
| 2012-feb | 713 | 3 % | 778 | 7 % | 1491 | 4 % | 929 | 9 % |
| 2012-mar | 634 | 2 % | 764 | 7 % | 1398 | 4 % | 893 | 8 % |
| 2012-apr | 833 | 3 % | 691 | 8 % | 1524 | 5 % | 1151 | 10 % |
| 2012-mai | 866 | 3 % | 777 | 7 % | 1643 | 5 % | 1042 | 9 % |
| 2012-jun | 659 | 3 % | 768 | 7 % | 1427 | 4 % | 804 | 7 % |
| 2012-jul | 963 | 4 % | 362 | 6 % | 1325 | 4 % | 863 | 9 % |
| 2012-aug | 938 | 4 % | 860 | 9 % | 1798 | 6 % | 1136 | 12 % |


I den månadlege rapporteringa til Helse- og omsorgsdepartementet (ØBAK) er det delen fristbrot for pasientar som har starta behandling som skal rapporterast. Tabellen under viser utviklinga i delen fristbrot for behandla pasientar fordelt per helseføretak, samt for dei private ideelle sjukehusa (samla).

Utvikling i tal behandla pasientar med fristbrot per helseføretak



I Helse Vest er det og sett i verk tiltak for å redusere talet på langtidsventande. Figuren under viser utviklinga i talet på langtidsventande fordelt per helseføretak.


Utvikling i tal langtidsventande (1 år+) per helseføretak



4. Korridorpasientar og epikrisetid


Figurane under viser utviklinga i bruk av korridorplassar per måned innan psykisk helsevern og somatikk fordelt per helseføretak.

Gjennomsnittleg tal korridorpasientar per dag innan somatikk




I Helse Stavanger HF og Helse Bergen HF har korridorbruken historisk hatt samanheng med mange utskrivingsklare pasientar. Dei seinaste månadene har det gjennomsnittlege talet somatiske korridorpasientar per dag gått ned i Helse Bergen, medan Helse Stavanger framleis har nokre utfordringar. I august 2012 hadde ingen av helseføretaka utfordringar knytt til korridorpasientar innan psykisk helsevern.


Gjennomsnittleg tal korridorpasientar per dag innan psykisk helsevern



Den nasjonale målsettinga er at 100 % av epikrisane skal sendast ut innan 7 virkedagar, ei målsetting som Helse Vest ennå ikkje innfører. I august 2012 var delen epikrisar utsendt innan fristen 77 % både innan psykisk helsevern og innan somatikk. Innan psykisk helsevern har Helse Bergen HF den høgaste delen sendt innan fristen, medan Helse Førde HF har den høgaste delen innan somatikk.



Figuren nedanfor syner den samla utviklinga i epikrisetider innan psykisk helsevern og somatikk dei siste 13 månadene.



5. Økonomi

5.1 Resultat


Utfordringar knytt til samhandlingsreforma blei i styremøte i Helse Vest RHF den 05.09.12 (sak 089/12 B) vedtatt kompensert. Helse Stavanger og Helse Fonna har inntektsført hhv. kr 13,0 mill og kr 8,8 mill av dette tilskotet pr. august noko Helse Bergen og Helse Førde ikkje har gjort. For å få samanliknbare resultat er resultatet til desse føretaka korrigert med hhv. kr 21,3 mill og kr 5,8 mill i august. Motsvarande korreksjon er gjort i Helse Vest RHF.

| | August | | | Hittil pr. August | | |
|---------------------------|---------|----------|-------------------|-------------------|----------|-------------------|
| | Faktisk | Budsjett | Budsjett avvik | Faktisk | Budsjett | Budsjett avvik |
| Sjukehusapoteka Vest HF | 453 | 1 738 | -1 286 | 11 341 | 8 125 | 3 216 |
| Helse Bergen HF | 39 039 | 19 497 | 19 542 | 180 871 | 169 315 | 11 556 |
| Helse Fonna HF | 8 047 | 500 | 7 547 | -7 021 | -2 000 | -5 021 |
| Helse Førde HF | 4 138 | -3 343 | 7 481 | -20 634 | -26 741 | 6 107 |
| Helse Stavanger HF | 6 101 | 4 222 | 1 879 | 20 689 | 33 371 | -12 682 |
| Kjøp av helsestenester | -551 | -9 258 | 8 707 | 299 050 | 183 633 | 115 417 |
| Administrasjon morselskap | 173 | 1 130 | -957 | 11 215 | 2 748 | 8 467 |
| Helse Vest IKT AS | 6 416 | 2 045 | 4 371 | 8 590 | 5 848 | 2 742 |
| Til saman | 63 816 | 16 532 | 47 284 | 504 102 | 374 299 | 129 803 |

Alle tall i heile tusen

Det økonomiske resultatet i august er kr 63,8 mill som er kr 47,3 mill betre enn budsjettet. Akkumulert resultat er kr 504,1 mill som er kr 129,8 mill betre enn budsjettet.

Helse Stavanger



Alle tall i heile tusen


Føretaket har eit positivt resultat i august på kr 6,1 mill som er kr 1,9 mill betre enn budsjettet. Akkumulert resultat etter åtte månader er kr 20,7 mill som er kr 12,7 mill dårlegare enn budsjettet.

Inntektssida viser eit positivt budsjettavvik på kr 57,6 mill som hovudsakleg skuldast den høge aktiviteten i føretaket samt eksternt finansierte prosjekt med ei tilsvarende kostnadsside. Inntekter knytt til utskrivingsklare pasientar har eit negativt avvik på kr 4,3 mill. Dette er ei forbeting frå tidligare månader då føretaket har redusert inntektene på denne posten i tråd med overføringa av midlar frå Helse Vest RHF knytt til samhandlingsreforma.

Kostnadssida viser eit negativt budsjett avvik på kr 77,5 mill der lønnskostnadane inkludert innleige utgjer kr 22,4 mill. Føretaket melder at kr 17,9 mill av lønnskostnadane er relatert til eksternt finansierte

prosjekt og at føretaket justert for dette har eit negativt avvik på lønn på kr 4,5 mill. Varekostnadane viser eit negativt avvik på kr 34,9 mill og ein må sjå delar av dette i samanheng med høgare pasientrelaterte inntekter enn budsjettet. Andre driftskostnader har eit negativt budsjettavvik på kr 6,3 mill som hovudsakleg skuldast reparasjon og vedlikehald av medisinteknisk utstyr, kjøp av IKT tenester og vaskeritenester.

Helse Fonna




Alle tall i heile tusen

Resultatet i august er minus kr 8 mill som er kr 7,5 mill betre enn budsjettet. Etter åtte månader er resultatet minus kr 7 mill som er kr 5 mill svakare enn budsjettet.

Inntektene viser eit akkumulert positivt budsjettavvik på kr 0,6 mill.

Sum driftskostnader viser eit akkumulert negativt budsjettavvik på kr 12,8 mill der personalkostnadane inkl. innleige av personell utgjer kr 10,4 mill. Veksten i bruk av overtid og ekstrahjelp i staden for bruk av ordinære vikarar under ferieavviklinga ser ut til å ha blitt vidareført i august. I positiv retning er kostnader til innleige av mellom anna legevikarar frå vikarbyrå som i august låg noko under budsjett. Varekostnadane knytt til føretaket sin eigenaktivitet viser etter åtte månader eit positivt avvik på kr 4,5 mill medan andre driftsutgifter har eit negativt avvik på kr 6,7 mill, som er ei forbetring på kr 2,5 mill frå juli og skuldast i hovudsak forbetringer i driftsavtalen med Helse Vest IKT. Finansresultatet er kr 7,1 mill betre enn budsjettet.

Helse Bergen




All tall i heile tusen

I august er korrigert resultat kr 39 mill som er kr 19,5 mill betre enn budsjettert. Etter åtte månader viser rekneskapen eit korrigert resultat på kr 180,9 mill som gir eit akkumulert positivt budsjettavvik på kr 11,6 mill.

Korrigerte driftsinntekter er kr 89 mill høgare enn budsjettert, medan sum driftskostnadane er kr 88,2 mill høgare enn budsjettert. Lønnskostnadane og ekstern innleige viser eit akkumulert negativt budsjettavvik på kr 49 mill og må bli sett i samanheng med den høge aktiviteten i føretaket samt at nokre særskilde prosjekt ikkje er budsjettert verken på inntekt eller kostnadssida. Avviket på varekostnad og medikament er knytt til biologiske legemiddel, implantat, laboratorierekvista og medisinske forbruksvarer. Avviket kan sjåast i samanheng med den høge aktiviteten i føretaket og tilsvarende høgare inntekter. Netto finansresultat viser eit positivt avvik på kr 10,8 mill.

Helse Førde



All tall i heile tusen

Korrigert resultat for august viser eit positivt resultat på kr 4,1 mill som er kr 7,5 betre enn budsjettert. Akkumulert resultat er minus kr 20,6 mill som er kr 6,1 mill betre enn budsjettert.

Korrigerte inntekter hittil i år er kr 8 mill lågare enn budsjettet. Kostnadssida syner eit positivt avvik mot budsjett på kr 8,2 mill. Bemanningskostnadane er kr 8,1 mil høgare enn budsjettet og det er eit meirforbruk på kr 5,8 mill knytt til varekostnadene. Andre driftskostnader har eit mindreforbruk på kr 1,2 mill og finanskostnadane har eit positivt avvik på kr 10,6 mill.

Kjøp av helsetenester

Korrigert resultat i august er kr 8,7 mill betre enn budsjettet. Akkumulert korrigert resultat er kr 299 mill som er kr 115,4 mill betre enn budsjettet. Nokre øyremerka tilskot og satsingsområde har eit anna starttidspunkt enn det som er budsjettet, dette gir eit avvik på om lag kr 40 mill. Vidare er det lågare kjøp av konsulenttenester på om lag kr 25 mill samt eit positivt avvik innan netto finanskostnader på om lag kr 25 mill. Resterande avvik på om lag kr 25 mill er knytt til fleire postar innan for området kjøp av helsetenester.

Administrasjonen

Akkumulert resultat per august er kr 11,2 mill som er kr 8,5 mill betre enn budsjettet. Avviket skuldast hovudsakeleg mindre forbruk innan lønn og konsulenttenester enn budsjettet.

Sjukehusapoteka Vest

Akkumulert resultat etter åtte månader er kr 11,3 mill som er kr 3,2 mill betre enn budsjettet.

Inntektene på varesal er kr 3 mill over budsjett og tenestesalet er kr 2,5 mill over budsjett.

Personalkostnadane er kr 1,7 mill over budsjett og andre driftskostnader ligg kr 0,3 mill over budsjett.

Helse Vest IKT AS

Etter åtte månader har føretaket eit positivt resultat på kr 8,6 mill som er kr 2,7 mill svakare enn budsjettet.

5.2 Prognose

| | Prognose | Budsjett | Budsjett avvik |
|---------------------------|----------------|----------------|-------------------|
| Sjukehusapoteka Vest HF | 14 800 | 13 900 | 900 |
| Helse Bergen HF | 180 000 | 167 000 | 13 000 |
| Helse Fonna HF | -5 600 | 0 | -5 600 |
| Helse Førde HF | -40 000 | -40 000 | 0 |
| Helse Stavanger HF | 40 000 | 50 000 | -10 000 |
| Kjøp av helsetenester | 260 000 | 40 000 | 220 000 |
| Administrasjon morselskap | 0 | 0 | 0 |
| Helse Vest IKT as | 1 000 | 1 000 | 0 |
| Til saman | 450 200 | 231 900 | 218 300 |

All tall i heile tusen

Utfordringar knytt til samhandlingsreforma blei i styremøte i Helse Vest RHF den 05.09.12 (sak 089/12 B) vedtatt kompensert. Føretaka har teke omsyn til denne kompensasjonen i sine prognosene.

Helse Stavanger har på bakgrunn av resultatutviklinga generelt vidareført ei prognose på kr 40 mill som er kr 10 mill lågare enn budsjettet.

Helse Fonna melder ei resultatprognose på minus kr 5,6 mill i høve eit resultatkrav i balanse.

Helse Bergen melder nå ei prognose på kr 180 mill som er kr 13 mill betre enn budsjettet.

Helse Førde vidarefører si resultatprognose i tråd med budsjett.

Sjukehusapoteka Vest melder ei prognose som er kr 0,9 mill over budsjett og Helse Vest IKT melder ei prognose i tråd med budsjett.

Basert på erfaringar og resultatet etter åtte månader er det rimeleg å anta at RHF-et vil få eit positivt budsjettavvik ved året slutt. Reserven i RHF-et i samband med kompensasjonen av konsekvensar av samhandlingsreforma redusert frå kr 170 mill til kr 120 mill. Det er framleis usikkerheit knytt til ulike postar i budsjettet og etter ein samla vurdering er resultatprognosene satt til kr 260 mill som inkluderer reserven.

5.3 Omstilling

Helse Stavanger har sett i verk tiltak på til saman kr 30,3 mill som etter åtte månader har hatt ein effekt på kr 5,3 mill, som er om lag 63 % av planen. Ved årets slutt forventar føretaket ei realisert effekt av tiltaka på kr 23,9 mill som er om lag 79% av samla tiltakspakke.

Helse Fonna har etablert tiltak på til saman kr 19,5 mill. Tiltaka har pr august hatt ein effekt på kr 0,9 mill noko som er ei marginal endring frå førre rapportering. Føretaket ventar at desse tiltaka vil gi ein effekt på kr 5,3 mill innan året er omme, noko som er 27 % av planen.

Helse Førde har etablert ein tiltakspakke på til saman kr 30,6 mill. Denne har hatt ein effekt på kr 13 mill som er om lag 91 % av planlagd effekt etter åtte månader.

Det er ikkje etablert tiltaksrapportering frå Helse Bergen.

5.4 Investering

Helse Vest sitt investeringsbudsjett for 2012 blei vedtatt i samband med behandlinga av sak om konsernbudsjett 2012 i februarmøtet og oppdatert i sak 077/12 B om langtidsbudsjett 2013 – 2017 i junimøtet. Samla investeringsbudsjett er fastsett til kr 1,702 mrd. I tabellen under er det vist status på investeringar pr. august samt estimat for året.

| Samandrag investeringar 2012 | Akkumulert januar - august | Resten av året | Estimat 2012 | Budsjett 2012 |
|------------------------------|----------------------------|----------------|--------------|---------------|
| Bygg | 464 522 | 399 529 | 859 051 | 977 885 |
| MTU | 138 504 | 203 296 | 341 800 | 355 144 |
| IKT | 134 375 | 90 925 | 225 300 | 220 000 |
| Anna | 30 446 | 112 460 | 142 906 | 149 140 |
| SUM | 767 847 | 806 210 | 1 569 057 | 1 702 169 |

Samla investeringar per august er på kr 767,8 mill. Dette utgjer omlag 49 % av forventa investeringsnivå i 2012.

Helse Stavanger:

| Investeringer 2012 | Akkumulert januar - august | Resten av året | Estimat 2012 | Budsjett 2012 | Estimat totalprosjekt |
|-------------------------|-------------------------------|-------------------|--------------|---------------|--------------------------|
| Helse Stavanger: | | | | | |
| BUPA | 89 179 | 40 443 | 129 622 | | 255 000 |
| Stavanger DPS | 4 303 | 34 897 | 39 200 | | 195 000 |
| Øvrig bygg | 32 298 | 58 231 | 90 529 | | |
| Sum bygg | 125 780 | 133 571 | 259 351 | 259 900 | |
| | | | | | |
| MTU | 57 555 | 93 445 | 151 000 | 151 000 | |
| IKT | 3 408 | -3 408 | 0 | 0 | |
| Anna | 9 571 | -9 571 | 0 | | |
| SUM Stavanger | 196 314 | 214 037 | 410 351 | 410 900 | |

Investeringar per august utgjer om lag 48 % av estimert investeringsnivå for 2012. Estimateat for året er om lag som budsjettet.

Helse Fonna:

| Investeringer 2012 | Akkumulert januar - august | Resten av året | Estimat 2012 | Budsjett 2012 |
|---------------------|-------------------------------|-------------------|--------------|---------------|
| Helse Fonna: | | | | |
| Bygg | 21 654 | 22 046 | 43 700 | 44 400 |
| MTU | 6 755 | 23 245 | 30 000 | 31 500 |
| IKT | 716 | 2 884 | 3 600 | 0 |
| Anna | 4 992 | 708 | 5 700 | 7 100 |
| SUM Fonna | 34 117 | 48 883 | 83 000 | 83 000 |

Investeringar per august utgjer om lag 41 % av estimert investeringsnivå i 2012. Estimateat for året ligg på same nivå som budsjettet.

Helse Bergen:

| Investeringer 2012 | Akkumulert januar - august | Resten av året | Estimat 2012 | Budsjett 2012 | Estimat totalprosjekt |
|--------------------------|-------------------------------|-------------------|--------------|---------------|--------------------------|
| Helse Bergen: | | | | | |
| BUSP trinn I | 51 547 | 73 453 | 125 000 | 165 000 | 1 392 966 |
| Kronstad DPS | 82 585 | 67 415 | 150 000 | 150 000 | 430 519 |
| Ombygging sentralblokken | 36 384 | 48 616 | 85 000 | 135 000 | 310 354 |
| Øvrig bygg | 135 302 | 8 698 | 144 000 | 166 585 | |
| Sum bygg | 305 818 | 198 182 | 504 000 | 616 585 | |
| MTU | 45 282 | 65 718 | 111 000 | 122 844 | |
| IKT | | | | | |
| Anna | 6 420 | 97 580 | 104 000 | 107 134 | |
| SUM Bergen | 357 520 | 361 480 | 719 000 | 846 563 | |

Investeringar pr. august utgjer om lag 50 % av estimert investeringsnivå i 2012. Estimateat for året ligg under budsjett og skuldast i hovudsak lågare framdrift på ombygging av sentralblokka og andre bygg.

Helse Førde:

| Investeringer 2012 | Akkumulert januar - august | Resten av året | Estimat 2012 | Budsjett 2012 | Estimat totalprosjekt |
|-----------------------------------|-------------------------------|-------------------|--------------|---------------|--------------------------|
| Helse Førde: | | | | | |
| Luftambullanse/pre-hospitalt bygg | | 22 000 | 22 000 | 22 000 | 117 000 |
| Nødstrømbygg/aggregat | | 5 000 | | | |
| Øvrig bygg | 11 270 | 18 730 | 30 000 | 35 000 | |
| Sum bygg | 11 270 | 45 730 | 52 000 | 57 000 | |
| MTU | 28 912 | 20 888 | 49 800 | 49 800 | |
| IKT | 418 | 1 282 | 1 700 | 0 | |
| Anna | 6 880 | 10 920 | 17 800 | 19 500 | |
| SUM Førde | 47 480 | 78 820 | 121 300 | 126 300 | |

Investeringar pr. august utgjer om lag 39 % av estimert investeringsnivå i 2012. Estimatet for 2012 ligg på kr 121,3 mill noko som er kr 5 mill lågare enn budsjett.

Sjukehusapoteka:

| Investeringer 2012 | Akkumulert januar - august | Resten av året | Estimat 2012 | Budsjett 2012 |
|--------------------|-------------------------------|-------------------|--------------|---------------|
| Sjukehusapoteka | 2 583 | 12 823 | 15 406 | 15 406 |

Investeringar pr. august utgjer om lag 11% av estimert investeringsnivå i 2012. Estimatet for 2012 ligg på same nivå som budsjett.

Helse Vest IKT:

| Investeringer 2012 | Akkumulert januar - august | Resten av året | Estimat 2012 | Budsjett 2012 |
|--------------------|-------------------------------|-------------------|--------------|---------------|
| Helse Vest IKT | 129 833 | 90 167 | 220 000 | 220 000 |

Investeringar pr. august utgjer om lag 44 % av estimert investeringsnivå i 2012. Estimatet for 2012 ligg på same nivå som budsjett. I tillegg ligg det mindre IKT investeringar i nokre av dei andre føretaka.

5.5 Likviditet

Helse Vest har ved utgangen av august 2012 ein netto likviditet på pluss kr 385 mill. Grafen under viser forventa utvikling i netto likviditet (innskot minus driftskreditt) for året.




Aller tall i heile millionar

Likviditeten vil bli lågare mot slutten av året som følge av betalinga av KLP reguleringspremie. Driftskredittramma vil ved årets slutt vere kr 1,928 mrd. Samla sett er likviditetssituasjonen med noverande driftskredittrammme vurdert å vere tilfredsstillende. Helse Vest har tett oppfølging av likviditetssituasjonen og vil om nødvendig treffen tiltak for å sikre likviditetstilgangen i konsernet

6. Medarbeidrar

Føretaksgruppa Helse Vest – Sjukefråvær



Måltalet er eit samla sjukefråvær på 5,5 % eller lågare, og eit sjukemeldt fråvær på 4,5 % eller lågare. Per august 2012 var det samla sjukefråværet på 5,8 % og sjukemeldt fråvær på 5,0 %. Dette er ei markant nedgang i forhold til sjukefråværet i juli 2012. Det samla sjukefråværet og sjukemeldt fråvær i august 2012 er forbetra i forhold til tilsvarende tal i august 2011.


Det kortvarige sjukefråværet, som er det sjukefråværet som er mellom 1 og 16 dagar, har gått ned frå 2,26 % i juli til 1,93 % i august. I forhold til 2011 er det kortvarige sjukefråværet omrent på same nivå.

Det langvarige sjukefråværet, sjukefråvær på 17 dagar eller meir, har òg gått noko ned. Frå 4,10 % i juli til 3,12 % i august 2012. Det langvarige sjukefråværet har det siste året gått ned frå 3,38 % i august 2011 til 3,12 % i august 2012.

Det er omtrent like einingar som har eit samla sjukefråvær på 5,5 % eller lågare i august som i juli. 70,35 % av alle einingane har eit samla sjukefråvær på 5,5 % eller lågare per august 2012. Dette er ei lita betring i forhold til august 2011, då hadde 68,06 % av alle einingane eit sjukefråvær på 5,5 % eller lågare. Når det gjeld det sjukemeldte fråværet er det 70,28 % av alle einingar som har eit sjukemeldt fråvær på 4,5 % eller lågare. Dette er ei lita forbetring i forhold til juli då det var 67,19 % av alle einingane som hadde eit sjukefråvær på 4,5 % eller lågare. I juli 2011 var tilsvarende tal på 67,93 %.

Føretaksgruppa Helse Vest – Månadsverk

Graf og tabell under viser berre helseføretaka.



Det har vore ein auke med 259 netto månadsverk frå august til september 2012 og ein nedgang med 505 brutto månadsverk i same perioden. Alle fire helseføretaka har hatt ein auke i netto månadsverk og ein nedgang i brutto månadsverk. Helse Bergen og Helse Stavanger stått for den største auken, med 141 netto månadsverk i Helse Bergen og 84 netto månadsverk i Helse Stavanger. Helse Bergen og Helse Stavanger har også stått for den største nedgangen i brutto månadsverk, med ein 186 brutto månadsverk i Helse Bergen og 141 brutto månadsverk i Helse Stavanger.

Samanlikna med same periode i 2011 har det vore ein auke med 496 brutto månadsverk og ein auke med 408 netto månadsverk.


Føretaksgruppa Helse Vest – Deltid

Det er per august 2 369 fast tilsette medarbeidarar som har registrert profilen sin i deltidskartlegginga. Per august er det 570 fast tilsette som ønskjer høgare stillingsbrøk innan ein månad, 185 innan det neste halve året og 52 på lengre sikt. 1 562 har svart at det ikkje er aktuelt med høgare stillingsbrøk.

Leiarane arbeider med å finne gode løysingar saman med sine medarbeidarar. Så langt takkar 12,2 % nei til tilbod ved eiga eining og 87,0 % ja. 6,1 % takkar ja til tilbod i kombinasjon med bemanningssenter og 87,9 % takkar nei til det same tilbodet. For kombinasjon med arbeid på andre einingar takkar 45,5 % ja og 45,5 % takkar nei. Dei fleste får tilbod om auka stillingsbrøk ved eiga eining. Av alle tilbod som blir gitt takker 68,3 % ja og 29,3 % nei og 2,4 % vurderer per august dei tilboda dei har fått.

Målkavet om ein korrigert gjennomsnittleg stillingsprosent på 87,7 % blei nådd i 2011. Den korrigerte gjennomsnittlege stillingsprosenten for august 2012 er på 88,29 %.

Arbeidet med å redusere omfanget av deltid har ei positiv utvikling. Per august 2012 er det **1 468 fleire** tilsette i heile stillingar målt i forhold til desember 2010, som er samanlikningspunktet for arbeidet med å redusere bruken av deltid. Føretaksgruppa Helse Vest har samstundes fått den utviklinga ein har peika på med ein glidande auke i stillingsbrøk for dei som er i deltidsstillingar. Måtalet for del deltid i føretaksgruppa er no korrigert frå 31,64 % til 32,39 %. Dette heng saman med at ein har inkludert dei fast tilsette som har ulønna permisjon. Dette betyr at juridisk del deltid per desember 2010 er på 40,49 %. 20 % reduksjon av 40,49 % gir ein målsetting på 32,39 %. Føretaksgruppa har per august 2012 ein korrigert gjennomsnittleg deltid på 32,21 %. Dette gir ein reduksjon i deltid på **20,45 %** frå utgangspunktet i desember 2010.




Føretaksgruppa Helse Vest – HMS

Helse Vest følgjer nøyne skadar og hendingar knytt til medarbeidarar. Det er særleg fokus på stikkskadar og truslar og vald.


Helse Stavanger

Sjukefråvær




69,89 % av einingane i Helse Stavanger HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for august 2012.
70,99 % av einingane har eit sjukemeldt fråvær under 4,5 % for august 2012.

Månadsverk




Helse Fonna

Sjukefråvær




72,80 % av einingane i Helse Fonna HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for august 2012.
 71,13 % av einingane har eit sjukemeldt fråvær under 4,5 % for august 2012.

Månadsverk




Helse Bergen

Sjukefråvær




68,47 % av einingane i Helse Bergen HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for august 2012.
67,93 % av einingane har eit sjukemeldt fråvær under 4,5 % per august 2012.

Månadsverk




Helse Førde

Sjukefråvær




73,00 % av einingane i Helse Førde HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for august 2012.
72,62 % av einingane har eit sjukemeldt fråvær under 4,5 % for august 2012.

Månadsverk




Sjukehusapoteka Vest

Sjukefråvær




46,88 % av einingane i Sjukehusapoteka Vest HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for august 2012. 59,38 % av einingane har eit sjukemeldt fråvær under 4,5 % for juli 2012.

Månadsverk




Helse Vest IKT

Sjukefråvær



89,23 % av einingane i Helse Vest IKT AS har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for august 2012.
82,14 % av einingane har eit sjukemeldt fråvær under 4,5 % for august 2012.

Månadsverk



Det blir presentert ei oppsummering av etterleving av arbeidstid i styremøtet.
Oppfølging av variable timer hittil i år i føretaksgruppa i Helse Vest blir også lagt fram i styremøte.